

VÅR 65 ÅR ETTER. HEFTE FOR VOSSARUSSEN 1950.



VOSS OFF. LANDSGYMNAS 1950

I lista nedanfor har eg streka over namna til dei som har sagt at dei ikkje vil koma, men dei er velkomne likevel. Lengst til høgre i skjemaet står det pluss på dei som har sagt at dei vil koma, minus på dei som har sagt at dei ikkje vil koma, og ? på dei som eg ikkje har fått kontakt med.

Liste over russ frå Voss Landsgymnas i 1950 ved samkoma 9. mai 2015 i Oslo							
Fornavn	Etternavn	Adresse	Postnr.	Poststed	Telefon	Email	
Olav	Aalrust	Hallvardsgate 19	2315	Hamar	62525260		+
Aaslaug	Asheim	Hvansveien 142	3514	Hønefoss	32132289	aaslaugasheim@gmail.com	+
Sverre	Alsos	Strandveien 18	8300	Svolvær	76072557/99579874	sverre.alsos@lofotkraft.net	+
Ingebjørg	Belsaas (Nestås)	Karolineveien 15	7021	Trondheim	72559603		-
Nils	Bergo	Rongsbakken 25	5700	Voss	56511052		-
Ingerid	Berntsen	Engveien 7	1400	Ski	64876372		-
Mari-Framnes	Bjørge	Bråtveit	5780	Kinsarvik	53661365		-
Bjørn	Dølven	Korpeliveien 18	3928	Porsgrunn	35510326/95066892	bjorn.dolven@sf-nett.no	-
Arne	Eide	Jotunveien 52	1412	Sofiemyr	66809651		?
Gudrun	Eiken	Gudridflaten 38	5210	Os	56306222/48040821		-
Sverre	Eimstad	Berjåsen 14	3440	Røyken	31282200/94375829		-
Per	Engene	Valenvegen 208	3800	Bø i Telemark	35951244	prengene@online.no	+
Harald	Fjøsne	Ånnerudhagen 28B	1383	Asker	90881852	shfjosne@gmail.com	+
Eli	Gjerde	Hardangervegen 6	5700	Voss	56511309		+
Olaf	Gunntveit	Eftåsåsen 44	0687	Oslo	95194630	agunnt@online.no	+
Ingeborg-Årsteinsen	Halderaker	Nordpynt 21	5420	Rubbestadneset	97724158		-
Olav	Helgeland	Austre Steinsvikåsen 23	5251	Søreidsgrend	55131262/91144627	olhelgel@online.no	+
Lidvor Ryste	Heltne	Kårstadsvegen 13	6100	Volda	70078825		-
Sverre	Hove	Dyrløkkveien 4	1448	Drøbak	99257434	hov-s@online.no	+
Gerd	Høylo	C. Sundts gate 52	5004	Bergen	55900758		?
Marie	Johannesen	Tyttebærveien 54	9514	Alta	78430092		-
Jorunn	Kristiansen	Lunsikka 3E	1739	Borgenhaugen	69164566/47660361		++
Einar	Kyvik	Holevegen 3	5417	Stord	53412607/90597308		-
Bjørge	Liland	Hardangervegen 7	5700	Voss	97776678/56510227	bl31@live.no	-
Bodil	Lund	Meierivegen 15B	7500	Stjørdal	74824664/90174242	bodil.lund@getmail.no	+
Kristian	Matthiessen	Nordåsvegen 134	5235	Rådal	55131786/53367339		-
Bjørn Vidar	Mehus	Lyder Sagens gt. 5A	0358	Oslo	22692536/47369581		+
Ivar	Mo	Sørli Terrasse 36	1473	Skårer	67901726		-
Andreas	Myklebust	Skjøllend gt. 5C	6600	Sundalsøra	71691757		++
Valborg	Nå		5776	Nå	53662179/97642103		-
Kristian	Nyhus	#304, 8956 - 156 street,		Edmonton, Ab. T5R5Z6		knyhus@shaw.ca	+
Kari Hildegrunn	Opedal	Wildenveibakken 10	0766	Oslo	22141233	kariopd@msn.com	+
Solrun	Opheim (Gurvin)	Kjærlighetsstien 29	3112	Tønsberg	53019394/90961089	solrun@theriver.no	+
Gunhild	Rime	Strandgate 30	2821	Gjøvik	61171814/97041727	gun-rime@online.no	+
Ingrid	Schjelderup	Lensmannstunet 33/602	4027	Stavanger	51541030	ingridschjelderup@getmail.no	+
Nils	Seim	Holbergs gt. 16	4306	Sandnes	51661799		-
Gunnvor Bøyum	Sekse		5632	Omastrand	56554755		-
Sigurd	Selheim	Nattlandsfjellet 17	5098	Bergen	55280384		-
Solveig	Stein	Shady Spring Road Castro Valley,		94546 California	001-1510 8860 189	krisstein@att.net	+
Elfrid Refsdal	Søvold	Eikekroken 7	2020	Sjesmøkorset	63576790		+
Konrad	Spilde	Vasshilderen Burettslag	5363	Ågotnes	56337214/99364893	k-spilde@online.no	?
Vesla	Stølen (Breien)	Holbergsvei 9	1412	Sofiemyr	66809275		+
Artur	Tømmerbakke		6633	Gjemnes	46622730		+
Per	Tveit	Juskestredet 4	4876	Grimstad	37044036/90986507	per.tveit@uia.no	+
Svein	Underdal	Vormvikbakke 58	2080	Eidsvold	63964042/95992139	sveika@live.no	+
Helgø	Utne	Gransnaret 3	3340	Åmot	32784481/91697169		-
Borghild	Viko	Sentrumsvegen 36	3550	Gol	32074846/56391859		-

Julehefte frå 1990 kan de finna delt opp i tre delar på desse nettadressene. Vonar at mange av dykk kan få fatt i desse filene.

http://home.uia.no/pert/data/_uploaded/file/Jul%2040%20C3%A5r%20etter%20Julehefte%20for%20Vossarusse%201950%20Del%201.pdf

http://home.uia.no/pert/data/_uploaded/file/Jul%2040%20C3%A5r%20etter%20Julehefte%20for%20Vossarusse%201950%20Del%202.pdf

http://home.uia.no/pert/data/_uploaded/file/Jul%2040%20C3%A5r%20etter%20Julehefte%20for%20Vossarusse%201950%20Del%203.pdf

Kjære Russekammeratar,

Eg ser fram til å møta om lag 25 av dykk 9. mai i år. Liste over russ 1950 er vedlagt, men den er ikkje heilt oppdatert. For at me skulle vita om kvarandre var det fint om alle kunne skriva eit brev om kva som har hent oss dei siste 25 åra. Send innlegga til meg. Dei som ikkje skreiv noko for tjuefem år sidan kan skriva om alt som har hent dei etter russetida. Skriv også om du ikkje kjem.

Dette er mitt bidrag: Då eg var 67 år gjekk eg av med god pensjon frå Danmark og Norge. Ei snill kone har lete meg reisa rundt og halda foredrag om nettverkbogar i 50 land.

Nettverkbogar er om den brutypen som eg fann på då eg helt på med avgangsprosjektet på NTH. Til no er det bygd mellom 100 og 200 nettverkbogar i over 25 land. Dei er slanke og brukar lite stål.

Den lengste netverbogen i verda vart opna av President Putin i 2014. Den går over Ob i Sibir. Spennvidda er 380m. Ingeniørane som konstruerte brua sende meg ein takkemail fordi dei hadde fått ideen frå eit foredrag eg helt i Moskva i 2007.

I Norge vil me ha 10 nettverkbogar, når alle dei som er planlagde er bygde. Nettverbogen over Brandangersundet er den slankaste bogebraua i verda, dersom ein definerer slankheita som spennvidda delt på samla tverrsnittshögd av boge og brubane.



Brandanger Bru i Gulen för rekkverket vart montert. Spennvidde 220 m.

Så litt om det heimlege. I 1990 gifte eg meg med Solveig Mydske. Ho er 8 år yngre enn eg. Ho har vore med på reiser til Sverige, Danmark, England, Tyskland, Portugal, Spania, Romania, Russland, Hellas, Tyrkia, India, USA, Egypt og Kina. Ho er eit av dei beste menneska eg kjenner.

Det er eit hell at eg har hatt god helse fram til den andre hofteoperasjonen omkring 2013. Sidan har eg ofte gått med krykker. No held eg på med ein operasjon for grå stær. Seinare skal eg truleg operera den andre hofta.

Så litt om born og barneborn. Dotter mi, Helena, underviser kjemi og religion på eit gymnas i Nørresundby. Son hennar har teke jobb på eit kjøpesenter og flytter til eit leigt husvære ved nyttår. Han tenkjer på å verta folkeskulelærer. Dotter hennar byrjar på gymnaset i år.

John, eldste son min, er sjef for eit headhuntingfirma. Hans eldste son er snart ferdig med ei utdanning i ei blanding av økonomi og administrasjon på universitetet i Aalborg. Dei to andre borna hans går enno på folkeskulen.

David, yngste son min, er avdelingsleiar i ei avdeling med 130 tilsette i Teknologisk Institutt i Danmark. Avdelinga driv med oppvarming, klima og miljø. Eldste dotter hans går på bygg på Danmarks Tekniske Höjskole. For å finansiera studiet er ho rettleiar for ei gruppe amerikanske studentar og hjelper til ved övingar i matematikk.

Yngste dotter hans har friår mellom studenteksamen og universitetet. Ho står i butikk, men skal seinare til Mexico, Costa Rica og Berlin. Ho planlegg å bli eksportingeniør. Davids son har byrja på gymnaset etter eit friår med dykking og anna sport.

I 2004 fekk eg kongens fortanestemedalje. Den har Ingerid (Molstadkvern) Berentsen fått for mange år sidan. Eg fekk medaljen for mitt arbeid med nettverkbogar, og for mitt arbeid som leiar for datalina ved Høgskulen i Agder. Året etter hadde kona mi og eg ein fin tur til slottet for å takke for medaljen.

Eg er heldig som har ein arbeidsplass på universitetet her i Grimstad. Eg er der nesten kvar dag. Laurdag og sundag prøver eg å koma heim klokka 12.00.

Her arbeider eg med Russetreffet, slekt, sjølvbiografi og nettverkbogar. Mi heimeside er: <http://home.uia.no/pert>

Hjarteleg helsing og på gjensyn,

Per Tveit

Frå Olav Aalrust

Hamar 28.12.2014

Kjære russekamerater,

Per har truet med «represalier», dersom jeg ikke skriver full livsberetning denne gangen, så da så -.

Militærtjeneste på Kjeller flyfabrikk med praksis for NTH. Det siste ga ikke mersmak. Undervisning fristet.

Realfagstudier på Blindern med matematikk, fysisk geografi og fysikk hovedfag. Pedagogisk seminar. I alt 7 år.

Humaniorastudier på Blindern 30-40 år senere i litteraturvitenskap, kunsthistorie og teaterhistorie. Fellesprosjekt med kona mi, som også er realist. Disse fagene innebar at en måtte tenke på helt andre måter enn i realfag.

Lærerutdanning ved Elverum og Hamar lærer (høg)skoler i 39 år.

Geografi i noen år med vekt på ekskursjoner om geologi og landskapsformer.

Matematikk i flere tiår med stor vekt på oppbygging av et matematikklaboratorium, og på matematikkmetodikk med hovedvekt på konkretisering.

Tre barn mellom 40 og 50 år, bibliotekar, landskapsarkitekt, og sønnen som er billedkunstner har bodd i utlandet, mest i Berlin, i 10-15 år. Neste generasjon er 4 skolegutter.

Fjellvandring fra hytte til hytte var en stor interesse i mange år forsterket av bakgrunn i geografi.

De tre humanistiske fagene har vært til daglig glede de siste 25 år. Ved reiser i utlandet har de store kunstmuseene vært av interesse.

Jeg er ikke på data og solgte bilen for 20 år siden.

Grytidlig aprilmorgen, kjølig, skareføre i Åsen, orrfuglen som buldrer i kjerr og lyng. Det kan gå an.

Brystsvømming i Mjøsa med hodet godt over vannet er heller ikke å forakte. Ellers liker jeg godt å sykle.

Når en trekker fra noe for alder, er helsa ganske bra.



Gudrun Eiken

Os, 21.01-2015

Gudridflaten 38, 5210 OS

Kjære skulekameratar – anno 1950.

Det går litt i surr for meg om kva som har hendt før og etter år 2000. Noko har vel med alder og minne å gjera, så det glir nok litt over i kvarandre.

Fram til 1994 var eg lærar/logoped ved Osheim behandlingsheim for barn med åtferdsvanskar. Mest hadde eg med lese/skrivevanskar å gjera. Ein periode var eg litt på sjukeheim og hjelpte afasipasientar med taleproblem.

Mannen min, Kåre, er også lærar. Han har jobba i ulike skuleslag og har utdanning i historie og engelsk. Vi gifta oss i Bergen nyttårsaftan 1954. Vi to har budd her i Os sidan 1956 og har hatt ein kjekk einebustad her. Vi fekk tre born. Eldste jenta er no 58 år, er sjukepleiar og var 14 år lærar i vidaregåande i Ålesund. No arbeider ho på sjukeheim. Dei som har henne er heldige – eit prakteksemplar spør du mora. Ho og mannen har 3 vaksne soner som alle er sivilingeniørar frå NTNU.

Nestemann i flokken er gut, no 52 år. Han er biolog med doktorgrad i medisinsk genetikk – noko mora ikkje kan forklara så godt. Han har 3 born. Ei jente på 29 år – utdanning frå BI, gut på 24 år – mekanikar/automasjon. Yngstejenta snart 17 år og på vidaregåande.

Så kjem vi til yngstejenta Tone, so vi mista for 10 år sidan. Den sorga og smerten kan ikkje uttrykkjast med ord. Det var kreft og ho vart berre 38 år og døydde frå sine 3 born: dotter på 19 år og gutane på 13 og 5 ½. Tone var ei levande og flott jente, så dette er ikkje lett å ta i mot.

Etter 50 år i eige hus i Stølsvegen 8 let vi Iselin og sambuar overta hus og hage. Det vart litt for mykje for oss to «gamle» å vedlikehalde hus og slå plenen. Dei to unge synest dei var heldige. Hytteeigedomen gjekk til sonen vår. Han har bygd på til hus. Såleis har vi gitt frå oss det meste av vårt «jordiske gods» og delt likt på våre tre born.

Vi to har på en måte starta på nytt. Dermed kjøpte vi oss ei heilt ny og moderne leilegheit. Kåre kallar det «vår private gamleheim» - også dette husværet er her i Os. Kåre plagast med ledd i hofter og skulder, men han køyrer bil og likar svært godt å gå på biblioteket. Han les mykje, men plagast med hørsla. Sjølv må eg trøyste meg med lydbøker. Synet er skralt og eg gav frå meg sertifikat då eg var 82 år.

Året 2013 vart for meg ei negativ forandring. Eg vart akutt innlagt på hjerteavdeling på Haukeland Sjukehus både i påsken og pinsen og fleire gonger seinare.

Først var det dette med flimmer, men verst var dette med stor lekkasje frå hjarteklaffen. Her måtte gjerast noko for å berga liv. Ein ny behandlingssmåte Mitraclip – behandling ved hjerteintervensjon kom meg til hjelp. Full narkose sjølvsgt. Det var godt å begynna å kjenne seg betre. I dag greier eg og mannen oss utan ekstra hjelp. Kontrollen frå Haukeland var svært positiv, men sjølvsgt er der ein del tablettar.

Familien er blitt stor. Føler meg som Abraham som talde stjerner. Vi har 9 barneborn frå 14 år til 35 år. I tillegg har vi 5 oldebarn frå ¾ til 6 år. Av barneborn er det 6 gutar og 3 jenter. Av oldeborn er det 2 jenter og 3 gutar. Og så er dei så pene!!

Vi er komme langt i livet. Haldis Moren Vesaas sitt dikt «Å vere i livet» synes eg seier det så fint.

Hjarteleg helsing,

Gudrun Eiken

Frå Andreas Myklebust

Eg vil fyrst ta hatten av for den iver du har vist ved å få i stand nok eit treff av gjenlevande vossaruss frå 1950. Og at du i tillegg vil vera redaktør for eit nytt hefte av eit slags biografier.

Det beste som har hendt oss dei siste 25 åra er at me har hatt god helse, at våre 2 søner har skjikka seg bra og at me går godt i hop. Våre 2 søner er no passert 50 år. Den eldste er autorisert regnskapsfører og er økonomileder i eit firma der det er 25 mann i arbeid. Firma er her på Sunndalsøra. Då han var godt over 40 år blei han sambuer med ei enka. Han tok spranget til bestefar straks. Son nummer to tok universitetsutdanning i Trondheim med hovedfag fysikk. I over 10 år har han vore forsker ved Sintef der hovedoppgava for tia har med signal på tog å gjera. Han reiser store deler av verda og held foredrag om slike saker. Han er gift med ei trønderdame. Dei har ikkje eigne barn, men har adoptert to kinajenter. To flinke, fine og kjekke jenter som er avholdt av foreldre, besteforeldre og onkel. For 40 år sidan bygde me hytta på heimgarden min på Tysnes. Me har vore ofte dit og då helst i egen bil.

Me har ellers vore biltur til Lista fyr, vore på Vestkapp, Nordkapp, køyrd Botnvika rundt og vore tur til Sveits. På slutten av mi arbeidstid ved Hydro var eg til Sardinia i oppdrag for verket. Min fru var også med. Sidan den tid har me reist mykje på eigen rekning, Me har vore 4 bussturer til Spania og ein busstur til Petersburg. Me har vore busstur i Tyrkia og køyrt med buss frå Israel til Egypt gjennom Sinaiøydemarka. Turen gjekk under Sueskanalen.

I 1976 tok me fly til New York, gjekk ombord i S/S Norway og blei med på båten si siste reis over Atlanteren til Frankrike og England. Me har også vore på cruise mellom greske øyer, vore over Nordsjøen, over Østersjøen og 40 turer med Color Line til Kiel.

Me kom til Sunndalsøra mellom jul og nyåret i 1960 og her har me standa kvar. Her tar no eg mine daglige tabletter og går ofte tre kvarterturer og då med stokk som det heiter her. Ho Gurid går lengre men utan både stokk og tabletter. Kvar onsdag morgon stiller me i symjehallen klokka 0730. Så det er vel grunn til å sei at me har det godt .

Helving Andreas Myklebust

1990-2015

Jeg svinger hatten for Per som tenkte tanken – russetreff etter 65 år – og som setter i gang. De 10-årige treff har vært svært vellykket, men nå haster det. Selv om det har vært liten kontakt utenom disse treffene for mitt vedkommende har jeg medelevene i hjertet mitt. 4 år i ungdomstiden setter spor. På tidligere treff har det slått meg hvor gjenkjennelige de flest er – personligheten er ganske det samme.

Per vil vite hva som hva som har hendt oss de siste årene og hvem vi er i dag. Mye har hendt og det er vanskelig å vite hva en skal ta med her.

Min mann fikk diagnosen Parkinson i 1990 og tunge sykdomsår lå foran ham. Selvfølgelig preget det hele familien. Jeg er glad jeg kunne ta vare på ham hjemme - de siste årene med god hjelp av hjemmesykepleien. Jeg husker en lege spurte meg en gang hva jeg syntes var vanskeligst i denne situasjonen. Det slo meg da at det er å gjøre tilværelsen levende og innholdsrik for pasienten var viktig og vanskelig. En stor oppgave er rett og slett å ta vare på hans verdighet. Det er så mye tankeløshet blant oss.

Døden er en del av livet heter det, og så mange blir borte rundt oss – familie og venner. Vondt er det. Så er det at man tar i bruk sine resurser og muligheter i den grad man har overskudd.

Jeg har 2 stesønner, 7 barnebarn (1 er død), og 10 oldebarn. Alle bor et stykke unna, så jeg ser de ikke alt for ofte, men god kontakt har vi. Utrolig spennende og hyggelig er det å følge dem. De skikker seg vel og er aktive med sine interesser. Jeg kan godt legge til at de er morsomme og strålende. Veien blir til mens du går, er tittelen på en Finne-bok – så også for de – ja for oss gamle og. Vi er ikke i mål enda vi heller.

I snart 50 år har jeg vært aktiv i den stedlige Røde Kors Besøktjeneste. Man engasjerer seg i dette arbeidet for å gjøre noe for andre, men jeg er absolutt klar over at man høster mer enn man sår. Jeg har også kunnet være med å utvikle denne tjenesten i fylket. Det blir en livsstil, og jeg er enda engasjert i dette.

Rebekkalogen i byen har i over 50 år betydd mye for meg. I disse dager holder jeg på å skrive historikken fra disse 50 årene.

Først som 82-åring ble jeg syk og kom på sykehus. Jeg får vel ta med det og. Hjerteinfarkt var det første. Noen måneder senere oppdaget man kreft. Jeg var heldig og det kunne opereres. Det var ingen spredning, og jeg slapp etterbehandling. Jeg lever som før, og tenker lite på det.

Jeg har flyttet i leilighet og trives med det. Det er en sentral terrasseleilighet med garasje i kjelleren. Jeg stiller mitt hus, kjører bil enda, og reiser i inn- og utland.

Min lille hytte i Hallingfjellet blir flittig brukt. Trygt kan jeg si at jeg tar hver dag som en gave og en mulighet.



Frå Ingrid Madland Schjelderup

Så har vi som har overlevd passert 80-års milepælen.

Eg feira den på Voss. Det blei ei rik oppleving med 11 gamle barndomsvenner frå Voss, alle mine 4 systre med ektemenn, 5 gode vener frå Stavanger og sist, men ikkje minst gleda over å få dela denne rikdomen med dei tre sønene min, to svigerdøtre og 6 flotte barneborn.

Kan anbefala Ferdahemen med det fine utsynet mot vatnet og Gråsida og innover mot Vangen og kyrkja. Fekk dei til å låsa opp kyrkja laurdag føremiddag der eg fekk visa dei alle dei kjære minna frå barndomen min: Fira ned dåpsengelen, opna luka i golvet til gravkrypta, gå troppa i murveggen opp til tårnet framom orgelbelgen de Ola kyrkjetenar trakka opp den svære skinnbelgen før kvar gudsteneste og der far gøymde unna radioen under krigen for å ha kontakt med London.

Resten av Vossaradioane sto stabla på golvromet over kyrkjeskipet.

Oppe i tårnet opna vi alle gluggane ut mot bygda, og eg fortalde om då eg var med og kimte med dei store klokkene 8. mai 1945. - -

Den eldste av sønene mine, Dag Rane er utdana lækjar og har gjeve livet sitt til å arbeida mellom dei fattigaste i Albania . Driv med misjon og humanitært arbeid og har vore der i snart 20 år.

Nr. 2 Per, er arkitekt og pedagog. Han har m.a. ansvaret for restaureringa av domkyrkja her og har halv stilling som dosent på universitetet. 3 born.

Nr.3 Ståle har mediautdanning og er tilsett som kommunikasjonsrådgjevar i Stavanger kommune. 3 born. Den eldste, Ingri, er den eldste av barneborna, er gift, har 1 1/2 år att av psykologistudiet i Bergen.

Ingen oldebarn enno.

Eg har det veldig godt på tross av ei losna hofte (etter 4 hofteoperasjonar), ryggskade etter kollisjon og astma.

Mitt kjæraste minne frå i sumar er at eg greidde å kara meg opp til varden på Skåndalshorga med utsyn over Grønlivatnet, alle fjella eg er så glad i , og utsikt ned i Hardangerfjorden på andre sida. Parkerte ved Stuaset og hadde senga mi i bilen, god stasjonsvogn.

Eg takkar for kvar dagen og kjenner meg i slekt med Tor Jonsson som skreiv:

Kven skal eg takka for det eg fekk sjå

sola gå under og berga bli blå?

Kven skal eg takka for all denne æra

i dette å gå her og vera og vera

Kven skal eg takka for det eg fekk li

så gleda fekk grunn å røte seg

Han spør

Kven er du, gjevar?

Kvi teier du still?

--

Du namnlause gjevar, eg får ikkje fred, før eg kan takke for alt som laut skje –

Eg veit kven eg skal takka!

Ingrid Madland Schjelderup

KJÆRE SKULEVENER.

Først ei stor takk til Per som enno ein gong har teke på seg å redigera og senda ut helsingar frå oss som enno lever att av Vossarussen 1950.

Personleg kan eg melda at eg framleis er frisk og sterk og har god helse. Det same kan eg seia om kona mi, Kari. Rett nok hadde ho ein tarmkreftoperasjon for 4 år sidan, men er no bra, men ikkje fysisk sterk som før. Eg går turar i skog og utmak sumar som vinter. Skia har eg lagt på hylla, men brukar gåstavar i ulendt terreng. Eg har ikke farta mykje på turar utanlands, men for 3 år sidan var eg med på chartertur til Italia. Flyet landa i Milano der me hadde hotellplass i nærleiken av Gardasjøen. Kvar dag drog me med buss til nye mål. Var i Venesia og opplevde gondoltrafikken på dei mange kanalene. Ein dag var me i operabyen Verona. Nokre av oss var med heilt opp på toppen av konsertområdet og prøvesak seta i ymse høgder. Det var eit imponerende syn - utan operaframsyning. Ein heil dag, i strålende sol, var me på båttur rundt Gardasjøen. Siste dag var det lang bussreise opp til det mektige fjellmasivet Dolomittene. Dei sju dagene i Italia vart minnerike dagar eg seint gløymer.

For 8 år sidan solgte me huset som vart bygd i 1964 - det vart for stort for oss 2 aldrande menneska. No bur me i husvære på ca. 70 kvadratmeter og trivst godt med det. Her har me ikkje ansvar for verken plenklipping eller snømåking.

Våre 2 born - Guri og John Kaare - har busett seg berre ein halv times bilkøyring unna. Dei er ofte innom, og me har mykje glede og hygge av dei.

Vårt barnebarn, Aleksander, var ferdig med vidaregåande skule sist vår. Denne vinteren går han på folkehøgskole ved Fredrikstad, han stortrives der!

1. Juli har eg vore pensjonist i 20 år. Har hatt treskjæring som hobby sidan før pensjonsalderen, og har stor glede av å halda fram med det. Me er 4 karar og ei dame som ein gong i veka - treskjæring Med innlagd kaffepause.

I 15 år hadde Kari og eg ansvar for program og gjennomføring av kyrkjelyden sitt eldretreff ein gong i månaden. Det tok oss ein del arbeid, men ga mykje glede tilbake.

Eg er elles med i kyrkjeleg teneste som forsongar under gudstenesta saman med 6 - 7 andre, og som tekstlesar ein gong i månaden. Det vert og litt lesing av bøker og blad. Både Kari og eg har stor glede av å løysa kryssord.

Gymnastida er ofte i mine tankar. Eg ser for meg andleta - nokre klårare enn andre - Blåsternes kjem alltid att der eg ser han gå mellom pultane i sin bleikblå arbeidsfrakk og prøvar å få eit lite glimt av Bodil. Lektor Troland var ein godmodig og snild lektor. Han var svært kunnskapsrik, og ofte måtte han leggja vekk franskboka når klassen "forlangte" at han skulle fortelja om amerikanske presidentar, kongar eller anna godt folk. Rektor Bøyum var både snild og klok. Han viste stor diplomatisk evne då han eksaminerte 5 - 6 av oss ved slutteksamen i engelsk.

Dette er i korte glimt nokre setningar om meg og det eg driv med som pensjonist. Så vonar eg at mange har høve til å vera med på festleg samvær i Oslo 9. mai.

Beste helsing frå
Svein Underdal.

Svein Underdal